

Kompensasjon ved kurs, møter, reiser og praktisering av leiardagar etter HTA § 6.3 i Seljord kommune

Reiseregulativ

Seljord kommune skal følge SGS 1001, *Kommunenes reiseregulativ - reiser innenlands*, som er vedteke for perioden 1.1.2015 til 31.12.2016. Dette held seg til *Statens Særavtale om dekning av utgifter til reise og kost innenlands* §§1 - 11, og satsane i denne m.a. for reise- og kostgodtgjersle.

Formålet med reiserekninga er å dekke kostnader den tilsette har hatt på reise (inkludert bomavgift, parkering, piggdekkavgift – sjå retningsliner i *Statens Særavtale om dekning av utgifter til reise og kost innenlands*).

Utgiftene skal vere dokumenterbare med programoversikt og/eller kvittering, og rekninga må vere utfylt på rett måte for at det skal oppfylle krav til godtgjersle.

Reiser i utlandet

Reiser i utlandet følgjer gjeldande *Regulativ for reiser i utlandet for statens regning*.

Bruk av eigen bil

Seljord kommune held seg til § 4 i særavtale SGS 1001.

Innlevering av reiserekning

Av omsyn til rapporteringsregimet skal godkjent reiserekningar vere levert fortløpande inn til lønnskottkontoret og seinast innan den 5. i kvar månad. *Døme: reiserekning for januar skal vere levert på lønnskottkontoret seinast 5. februar.*

Arbeidstid ved reiser

Hovudprinsippet er at deltaking på kurs og konferansar vert godtgjort tilsvarande ein ordinær arbeidsdag.

Reise til/frå kurs, konferansar, møte i arbeidstida, blir rekna som vanleg arbeidstid. Dersom reisetida går utover normalarbeidsdagen blir den godtgjort med fri time for time innafor ramma for fleksitidsordninga (07.00 – 21.00), etter avtale med næraste leiar og i tråd med AML § 10-2 (3) og kapittel om fleksibel arbeidstid i *Personalpolitiske retningsliner* for Seljord kommune.

Varer programmet utover ordinær arbeidstid, skal fleksitidsordninga bli bruka, dvs. at ein fører arbeidstid for den faglege delen av samlinga og ikkje overtid. Skjema for føring av fleksitid ligg på intranettet.

For overnattingskurs/møte/ konferanse gjeld dette både start- og sluttidspunkt for det faglege programmet kvar dag. Ut over dette vert det ikkje rekna arbeidstid, for eksempel for frukost, felles middag og sosialt samvær.

Praktisering av leiardagar etter HTA § 6.3 i Seljord kommune

Leiardagane er ei form for ulempetillegg for leiarar i administrative stillingar, som ikkje har moglegheit til å skrive overtid. Grunnlaget for denne ordninga at det ikkje vert gjeve kompensasjon i form av overtidsbetaling, kveld-/helgetillegg, delt dagsverk eller møtegodtgjering. Dette inneber at desse administrative leiarane ikkje får møtegodtgjersle og overtidsbetaling, og at det ikkje vert gjeve kompensasjon for møteverksemd utover avtale om ekstra fridagar.

Meirarbeid vert godtgjort med fri time for time, jamfør reglar om bruk av fleksibel arbeidstid. Kva som skal definerast som meirarbeid og gje grunnlag for bruk av fleksitid, skal på førehand godkjennast av næraste overordna.

Ordninga trer i kraft frå 1.5.2015 og erstattar tidlegare føresegn.

Vedteke politisk i:

| | |
|----------------------|------------|
| Administrasjonsutval | 16.04.2015 |
| kommunestyremøtet | 07.05.2015 |